



# Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 1 Haust 2021 | 99. ÅRG.





# ANDAKT

## George Johnsen, ...og læra

*Kva skal vi tru og lite på? Her er mange røyster ... som lovar deg gullglim og glans». Og som freistar ein og annan i ei stressa og moderne «bitcoin-tid». Også Skrifta og hennar tenrar kjenner presset. Presten og forfattaren George Johnsen har eit ord til oss i dag i andaktsboka «Veien, sannheten og livet». Ein tittel med store ord. Også han som ein gong sa dei orda er stor. Jesus. Han sa endåtil at han er desse orda. Andakta for 25.05., omsett til nynorsk, lyd slik:*

**«Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane –».**  
**Apg. 2,42a**

Vi vil i dei nærmaste dagane sjå korleis vi i praksis kan følgje opp det urkristelege «kyrkjelydsprogrammet»; trufast å halde seg til læra frå apostlane.

Det som Jesu læresveinar den gongen fekk høyre gjennom apostlane si munnlege forkynning og lære, finn vi i dag i Det nye testamentet.

Kva tyder for oss trufast å halde seg til denne læra?

For det første at vi **bøyer oss** for læra. Vil vi vite kva sann kristendom er, så spør vi apostlane. Det kristelege er det apostoliske, og det apostoliske er det kristelege. Der ein kristen eller ei kyrkje vik av frå dette autoritative læregrunnlaget, der vik dei frå sann, bibelsk kristendom.

For det andre tyder det at vi **lærer** ho og held fast ved ho. «Læra frå apostlane» kan også bety undervisning. Når læresveinane i den første kyrkjelyden «heldt seg trufast til læra frå apostlane», betyr det også at dei møtte regelmessig fram og var til stades når slik undervisning vart gjeven.

Kateteret til apostlane kan vi i bokstaveleg forstand ikkje setje oss under, men vi kan med vord-



nad «setje oss på Skrifta sitt fang», som Luther seier, og så late oss undervise. Og «lærersvein» tyder «elev»! I dag er mange kristne, både unge og eldre, hjelpe-lause og famlande når dei kjem i samtale om åndelige spørsmål. Kan hende har dei skulka undervisninga? Eller berre vore tilfreds med ei kjensle-forståing av skrifta? Slike tek til seg det i Bibelen dei likar, – det andre let dei ligge. Slike disiplar har ikkje disciplin!

Fot det tredje tyder skriftordet at vi i vår bibellesing tek i bruk eit velkjend og effektivt undervisningsprinsipp som på engelsk vert kalla «*learning by doing*». **Lære ved å gjere.** Skal du lære å køre bil, må du setje deg inn i den teoretiske sida, men du lærer aldri å køre bil før du sjølv prøver.

Slik også med Guds ord, – med apostlanes lære. Du skjønar ikkje Skrifta, og gjer ikkje etter ho, før du lydig prøver ho ut i praksis i dei mange vala du gjer i livet sin vanskelege «trafikk». Ein kvar som kjenner apostlanes lære vil nok vere einig med verdsitteraturens meister, Dostojevskij, når han seier om denne læra at «ein har kome til at menneska eig ikkje, og aldri kan kome i eige av, noko anna av same verdi».

**RB.**





# Kirkerotteteateret med nok ei spennande framsyning i Askvoll kyrkje!

Torsdag 2. september var Kirkerotteteateret tilbake i Askvoll kyrkje, til stor glede for rundt 70 små og store frammøtte. Det var 4–6 åringane i heile soknet som var inviterte med familiene sine.



Rottene Fredo og Vesle møtte denne gongen ei fresande kattemamma og ein nysgjerrig kattunge. Uheldigvis rota Kattunge seg opp i søppeldunken og kom seg ikkje ut. I framsyninga vert bibelforteljinga om den barmhjertige samaritanen fortalt, han som hjalp den forslatte mannen som hadde hamna i hendene på røvarar. Inspirert av denne forteljinga måtte dei torottene vere modige og hjelpe Kattunge, sjølv om dei var veldig redde.

Det vart både morosamt og litt skummelt når dei skulle få den digre kattungen ut av søppeldunken. Dei unge tilhøyrarane i kyrkja var tydeleg engasjerte, men etter kvart kunne alle puste ut. Kattunge kom seg heilskinna ut av knipa, og det same gjorde kirkerottene. Alt gjekk bra til slutt, og vigler oss allereide til besøk av Kirkerotteteateret, neste haust.

## Babysong i prestegarden i Askvoll

Etter ei tid med strenge restriksjonar, var det kjekt å endeleg få i gang babysang-samlingar att i haust. Samlingane er for born frå nyfødd til eitt år. Babysong er ikkje noko nytt i Askvoll sokn, men nytt denne gongen er at samlingane er i «storstova» i Askvoll prestegard.

Noko av tanken bak babysongsamlingane er at det skjer eit samspel gjennom song og musikk som knyter foreldre og barn tettare saman. Foreldra lærer seg også ein god del songar, bøner og regler som dei kan bruke heime. I tillegg er dette eit koseleg og sosialt fellesskap for både barn og vaksne.

Babysong er ein del av trusopplæringa i Askvoll sokn, og er gjerne det første vi inviterer til etter dåpssamtalen. Men ein treng ikkje vente på invitasjon for å bli med, og ein treng heller ikkje vere døypt eller medlem av kyrkja. På grunn av personvern-reglar har vi berre anledning til å gje personleg invitasjon til medlemmer. Men alle er velkomne!

Det vert i alt 8 babysong-samlingar denne hausten. Den siste samlinga, 21. oktober, er i Askvoll kyrkje og vert ein kombinasjon av babysong og kvar-dagsgudsteneste, der også soknepresten er med.





# Konfirmantane i Askvoll 2021



## VILNES.

**Frå venstre:**

Kyrkjelydspedagog  
Guri H. Nordheim,  
Sander Herland  
Sund, Mari  
Nordeide Kjørvik,  
Herman Høyvik  
Bontveit, sokneprest  
Kjell Olav H.  
Nordheim.



**HOLMEDAL.** **Frå venstre:** Ine-Sofie Stenseth-Langeland, Hedda Vårdal, Jan Helge Selvik, Ingeborg Eikebø Stang, Dennis Herland, Synne Vilnes Helle, Lukas Skarstein Bauge, Malin Sandnes Helle, sokneprest Kjell Olav H. Nordheim.



**KVAMMEN.** Frå venstre: Sokneprest Kjell Olav H. Nordheim, Nikolas Myklebust Gjelsvik, Viljar Ryum Selvik, Iben Stenseth Bruflat, Elias Haug, Tiril Myklebust Gjelsvik, Tora Lilly Kaas, Johanne Selvik, kyrkjelydspedagog Guri H. Nordheim.



**BULANDET.** Selma Isabella Fedøy Thomassen og sokneprest Kjell Olav H. Nordheim.



**ASKVOLL**  
**Frå venstre:**  
Sokneprest  
Kjell Olav H.  
Nordheim,  
Victor Ask  
Svellingen, Ina  
Marie Bakke  
Halvorsen,  
Oliver Flaten  
Vårdal,  
Ine Ryland,  
Viktor Haugen,  
Leah Gjervik  
Madsen,  
Robin Solheim-  
Rørvik, kyrkje-  
lydspedagog  
Guri H. Nord-  
heim.



*Det var ein positiv og herleg konfirmantgjeng vi hadde med oss.*

## Aktivitetsdag på Nesholmen

*Kristi himmelfartsdag var alle konfirmantane i Askvoll sokn inviterte til ein aktivitetsdag i regi av KFUK-KFUM på Nesholmen.*



*Desse fire fekk smakfulle premiar etter at dei hadde sanka flest poeng under gruppeoppgåvene.*



*Hunden Luna fekk seg nye, koselege vener denne dagen.*



På Nesholmen kan ein kose seg både på land og i vatnet .

Vel framme vart vi tekne godt i mot av Stein Robert Osdal og dei andre leiarane. Dei hadde gjort klar drikke og frukt til oss, noko som kom godt med etter ein lang busstur. Stein Robert heldt ein andakt om kor mykje kvar enkelt av oss betyr for Gud og for fellesskapet oss menneske imellom. Dette var ein fin inngang til gruppeaktivitetane konfirmantane skulle gjere, der den enkelte på gruppa var viktig for at oppgåvene skulle kunne løysast på ein god måte.

Etter dette var det tid for aktivitetar med kano, kajakk og sup-brett, der litt fleire enn planlagt vart våte. Men dette vart teke med godt humør!

Nydeleg heimelaga pizza i magen gjorde godt, før vi vende snutane vestover mot Askvoll igjen.

Tusen takk for turen til dei trivelege konfirmanpane våre! Det var ei fin oppleving å vere saman med dykk frå start til mål.




Stein Robert Osdal og dei andre leiarane hadde eit flott opplegg for oss.



# Kystpilegrimsleia – kva er det eigentleg?

I august 2020 var det ei fin hending i Askvoll. Sunnivaseglasen fra Selje til Bergen stansa då her, og ei fin folkemengde var samla. Eit fint program var førebudd. Sunnivaskrinet vart ført til Bergen, og ein høgtida der 850-årsjubileet som bispesete.



Vilnes er ein gammal kyrkjested. Kyrkja er frå 1674, og er den eldste trekkyrkja i Sunnfjord. På kyrkjegarden står det fleire karakteristiske bautasteinar og steinkrossar.

Neste stopp var Korssund, der den nest største av dei store steinkrossane i Noreg står. No er det Fjaler kommune. Før høyrdé som kjent Korssund til Askvoll.

I Hyllestad vart steinkrossane hogne ut av den hardføre steinsorten granatglimmerskifer. I høve seglasen var det og ei markering der, og kommunen gav ein mindre steinkross, som vart overrekt til Bergen by i høve jubileet.

Alle desse kommunane ligg ved norskekysten, som spela ei ganske viktig rolle, før og ved innføringa av kristendommen her i landet. Kysten var viktig, og sjøvegen nord til Trondheim var mykje brukt.

Kystpilegrimsleia er ganske ny. Den vart opna 8. juli 2018 av dronning Sonja på øya Selja, som altså var det første bispesete i Noreg. Då vart den ein offisiell St. Olavsveg.

Arbeidet med ei kystpilegrimslei frå Rogaland til Trondheim starta allereie i 2010 som eit samarbeidsprosjekt mellom fem fylkeskommunar, fire bispedømmeråd og Riksantikvaren. Etter modell frå den indre leia, eller leiene, frå Austlandet til Nidaros.

Eit viktig mål for prosjektet var å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten – med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader. Målet er å få i gang ei internasjonal reiselivssatsing og gje ei djupare oppleveling av kysthistorie, pilegrimstradisjonar, kyrkjehistorie, samt dei kulturhistoriske aspekta rundt dette. Frå først av var det tenkt ei samanhengande lei, over sjø og land langs kysten, med merka lei over land. Dette gjekk ein bort frå. I staden har kvar fylkeskommune peika ut fem nøkkelstader (sekks i Møre og Roms-



Gudsteneste ved den gamle steinkrossen i Korssund. Prestar var Audun Systad og Knut Arne Kummeneje.

dall!), som dei meiner har stor kulturhistorisk verdi og særleg relevans i pilegrimssamanheng. Totalt er det altså 26 såkalla nøkkelstader langs kysten som utgjer kystpilegrimsleia.

## NØKKELSTADAR

Her i fylket er det altså 5 nøkkelstadar: Eivindvik (Gulatingset), Hyllestad (Kvernsteinsparken), Svanøy, Kinn og Selja.

Slik ligg me her i Sogn og Fjordane om lag midtveis i leia mellom Egersund og Trondheim.

Det kunne sikkert vore fleire stader langs leia, som kunne blitt ein nøkkelstad. Vilnes på Atløy er ein slik, men det går an å ha arrangement likevel, som formidlar den interessante historia. Det samme gjeld Korssund. Begge desse stadane har det vore arrangement denne sommaren.

## EI GUIDEBOOK

Margun Pettersen skreiv i 2020 ei guidebok for Kystpilegrimsleia. Ho har reist leia til endes mellom Egersund og Nidaros for å gjere seg betre kjent med nøkkelstadene. Torsdag 20. februar 2020 vitja ho Kvernsteinsparken saman med Ellinor Bryne.



I Nærsvika kom båtar inn frå øyane rundt. Herfra går den gamle kyrkjevegen bort til Vilnes.

I guideboka skriv Margun Pettersen om kulturminne, attraksjonar, heilagstader og kva ein kan oppleve på dei ulike nøkkelstadene. Ho vil også ta med oversyn over offentleg transport til og frå nøkkelstadene, overnatningsstader, kolonialbutikkar, matservering m.m.

Ved ein nøkkelstad kan ein få stempel i pilegrimspasset. For å få Olavsbrevet må du ha stempel frå minst 6 nøkkelstadar, når du kjem til Trondheim og Nidarosdomen.

I innleiinga i boka skriv ho: «Kystpilegrimsleia innbyr til en vakker og spektakulær reise med mange og store kontraster. Havet i storm og stille. Stupbratte fjellsider i frådende skumsprøyt. Lune viker med blankslitte svaberg. Det barske og det milde, Brott-sjør og myke bølgeskvulp. Havørn. Fiskestim.

Helligsteder og kulturminner ligger som perler på en snor og forteller om byggingen av landet, kystkultur, levevilkår og kristningshistorien. Vi møter helgener og legender, kristningskongene Håkon den gode, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson, kongsgårder, klostre, tingsteder, gamle steinkors, kirker og andre kulturminner. Vi får del i historien som har vært med å forme oss og vårt folk de siste tusen år. Båttrafikken over Nordsjøen var stor. Vikinger og handelsfolk ble kjent med den keltiske spiritualiteten som preget øylene i vest. Keltiske munker som søkte sjøveien, kom hit. Kelteerne var opptatt av naturen og knyttet skaperverket nært sammen med det åndelige. Denne spiritualiteten nådde norskekysten gjennom den kontakten.»

I tida som kjem ynskjer vi å få fram meir av denne historia lokalt. Det håpar me mange vil oppleve som spennnade. Kanskje ein ny dimensjon ved historie og tru kan opne seg for mange av oss.

**Audun Systad**



# Gudstenesta – og familiedag i Vilnes kyrkje søndag 15. august

vart ei fin markering av «Kystpilegrimsleia» denne sommaren. Den inngjekk i «Som perler på ei snor» - einskilde markeringar langs kysten.

Først var det gudsteneste, der Hermine Høyvik Myklebust vart døypt.



Svanhild Ask, no busett i Askvoll, las tekstar og fortalte litt om eigne opplevingar med pilegrimsvandringar. Gudstenesta vart elles leia av Audun Systad, som skal vere med å ha ansvar for arbeidet med Kystpilegrimsleia her i området.

Lokalt hadde kyrkjelydsutvalet i Vilnes gjort gode førebuingar til denne dagen. Dei hadde engasjert kvinne- og familielaget til å servere kyrkjekaffi. Vi-dare var «Karakoret med. Dei song ein song om Vilnes kyrkje, dikta av Gunn Elin Sætre, som og leia



dei med trygg hand. Sjømannsviser passa og fint inn, når me var samla nett på ein stad som Vilnes.

Lillian Gjervik batt det heile saman med å fortelje om Vilnes kyrkje og historia rundt den.

At det nett denne søndagen, kom nokre av dei få millimetera av nedbør me har hatt denne sommaren, gjorde at alt programmet vart inne i kyrkja. Planen var å vandre bort til Næravika, langs den gamle kyrkjevegen etter gudstenesta. I Næravika la båtane til når dei skulle til kyrkje. Det lyt me ta att ein annan gong.

Uansett vart dette ei fin oppleveling og ein kjekk dag på Vilnes, med godt frammøte.

**Audun Systad**





# «Tid for tru»



*Desse tre prestane skal samarbeide om «Tid for tru»: Knut Arne Kummeneje, Audun Systad og Kjell Olav Høstaker Nordheim.*

I fjor forsøkte vi å starte eit samarbeid mellom Hyllestad, Fjaler og Askvoll, eit opplegg for vaksne i kyrkjelydane, kalla «Tid for tru». Arrangør er sokneprestar i Askvoll og Fjaler. Sokneprest i Hyllestad, Audun Systad, har leia slike kurs i Hyllestad. På desse kveldssamlingane er det først ei innleiing om eit tema med samtale etterpå. Det vert enkel servering.

Felles tema for dei fem samlingane er «Truvedkjenninga», om kva den inneholder og kva den tyder. Overskriftene for dei fem torsdagskveldane er:

- «Kan eg tru når eg tviler?»
- «Eg trur på Gud..»
- «Eg trur på Jesus Kristus...»
- «Eg trur på Den heilage ande..»
- «Kva gjer dei kristne når dei trur?»

På grunn av koronapandemien, valde vi å avlyse arrangementet siste år, men vil prøve på nytt året 2021-2022.

Vi vil veksle på å samlast i Askvoll kyrkje og på Ljosheim i Dale. Det er planlagt fem samlingar.

Påmelding til kyrkjekontoret.

**Samlingane er torsdagar  
kl. 19.00 – 21.15  
desse datoane:**

- |                     |                |
|---------------------|----------------|
| <b>04. november</b> | <b>Dale</b>    |
| <b>02. desember</b> | <b>Askvoll</b> |
| <b>20. januar</b>   | <b>Dale</b>    |
| <b>10. februar</b>  | <b>Askvoll</b> |
| <b>17. mars</b>     | <b>Dale</b>    |



## Har dere rom for en til i familien? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Sunnfjordområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

[fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)



Vi er din lokale fagbutikk i kommunen  
som leverer alt av blomar  
i anledning gravferd:

- Kistedekorasjon
- Hjerte
- Kors
- Krans
- Bårebukett m.m.



Vi er også forhandlere av graminne, gravering og rens av stein.

# Fjordane

BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)



Lindbøen 2      6809 Førde  
Markegt. 42      6900 Florø  
Lailas Blomster

Vakttelefon 57 82 70 30  
Vakttelefon 57 74 31 36  
Telefon      57 73 02 95



# Yngres på bedehuset i Holmedal



Frå venstre foran: Ingrid, Robin bak Noah og Jorunn spelar bordtennis.

No er vi komne i gang att med Yngres for aldersgruppa 3.–7. klasse. Her har vi andakt der mottoet er å bli kjent med Jesus.

Elles har vi aktivitetar som forming, bowling, fotball, bingo, bordtennis, biljard, ulike brettspel og kiosk.

Datoane for resten av hausten er:

- 1. og 22. oktober
- 5. og 19. november
- 3. desember (juleavslutning)

Alle samlingane er kl. 17.00–19.00

Vi er fem-seks vaksne leiarar.

Vel møtt!



Rebeccha og Andrea spelar brettspel.

# Laurdagsklubben



Askvoll og Holmedal laurdagsklubb er for deg som er ca. 4 år eller meir. Vi treffast annakvar laurdag i Askvoll kyrkje kl. 11–12.15. På laurdagsklubben får du høre fortellingar frå Bibelen, lære nye songar og lage litt forskjellig. Vi teikner eller maler eller klipper og limer. Nokre gonger leiker vi eller bygger vi. Vi startar med å tenne lyset vårt, Jesuslyset og sette det i lysgloben. Velkommen med heile deg!

Datoar: 16. og 30. oktober  
13. og 27. november  
11. desember

*Bileta er frå då vi teikna skapinga, og om du snur teikninga opp ned, ser du at det er eit hjarte. Det er fordi Gud elskar alt han har skapt. Og vi har fått i oppgåve å ta vare på det.*






# BARNAS SIDE


## Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



## Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning: Claudia Chiaravalotti

## Finn 5 feil

Englar fortalte gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

**Bestill  
abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00**



## VITSAR

Ole var ikkje verdas smartaste pilot.  
Han flaug inn mot Gardermoen og fekk melding frå kontrolltårnet:  
– Meld inn høgde og posisjon!  
– Eg er 178 centimeter høg og sit heilt fremst i flyet, svara han.

I Molboland er det veldig strenge trafikklover når det gjeld sikkerheitsbeltet:

Første gong du blir tatt utan å ha på deg beltet, får du 1000 kroner i bot.

Andre gong får du 2000 kroner i bot.

Tredje gong blir sikkerheitsbeltet inndrege.



# Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte  
hjelpe dykk som pårørande,  
med alt som høyrer  
ei verdig gravferd til.

**Blomstertorget A/S**  
**Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord**  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569  
[www.blomstertorget.no](http://www.blomstertorget.no)



***Salg, montering og service av varmepumper***

Ole Andreas Myrstad

**[www.comfortservice.no](http://www.comfortservice.no)**

**Tlf. 906 32 818**

**Panasonic**  
ideas for life



**MITSUBISHI**  
**ELECTRIC**

 NOVAP GODKJENT  
FORHANDLER

**Isovator**  
**F-gass**  
**Sertifisering**



# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**Søndag 10. oktober kl. 11.00.**  
Gudsteneste.

**Søndag 24. oktober kl. 11.00.**  
Gudsteneste.

**Søndag 7. november kl. 18.00.**  
Felles minnegudsteneste.

**Søndag 28. november kl. 18.00.**  
Lysmesse.

**Søndag 12. desember kl. 17.00.**  
Adventsgudsteneste.

**Fredag 24. desember kl. 16.00.**  
Julaftangudsteneste.

**Fredag 31. desember kl. 16.00.**  
Gudsteneste.



## HOLMEDAL KYRKJE

**Søndag 17. oktober kl. 11.00.**  
Gudsteneste.

**Søndag 14. november kl. 19.00.**  
Gudsteneste.

**Søndag 5. desember kl. 15.00.**  
Lysmesse.

**Fredag 24. desember kl. 14.00.**  
Julaftangudsteneste.

**Lørdag 1. januar kl. 15.00.**  
Julefest.



## STONGFJORDEN KAPELL

**Søndag 2. januar kl. 17.00.**  
Gudsteneste.



## BULANDET KAPELL

**Søndag 17. oktober kl. 17.00.**  
Gudsteneste.

**Søndag 14. november kl. 10.30.**  
Gudsteneste.

**Søndag 5. desember kl. 10.30.**  
Lysmesse.

**Lørdag 25. desember kl. 13.00.**  
Julegudsteneste.



## KVAMMEN KAPELL

**Søndag 3. oktober kl. 11.00.**  
Familiegudsteneste.

**Søndag 31. oktober kl. 19.00.**  
Salmekveld.

**Søndag 21. november kl. 11.00.**  
Lysmesse.

**Fredag 24. desember kl. 14.00.**  
Julaftangudsteneste.



## VILNES KYRKJE

**Søndag 10. oktober kl. 13.30.**  
Gudsteneste.

**Søndag 28. november kl. 15.00.**  
Lysmesse.

**Fredag 24. desember kl. 11.30.**  
Julaftangudsteneste.

## VÆRLANDET

**Sundag 24.10. kl.10.30**

**Sundag 12.12. Lysmesse  
kl.17.00**

Sjå oppdaterte  
gudstenestelister på:  
**askvoll.kyrkja.no**





# Nye omnar til Vilnes kyrkje

Som ei av dei statlege tilskotspakkene vart det hausten 2020 lyst ut tilskotsmidlar frå Riksantikvaren til å bytte ut røromnar og elektrisk anlegg i eldre, verneverdige kyrkjer. Askvoll sokneråd sökte om midlar til å bytte ut dei gamle røromnane i Vilnes kyrkje, og har fått tilsegn om inntil kr 205.000,- i tilskot til prosjektet. Tilskotet utgjer inntil 60% av prosjektkostnaden.

Soknerådet har valt eit tilbod frå Holmedal Elektriske AS om å bytte ut røromnane og tilførselskablene frå 1959 med nye og moderne benkevarmarar, som gir ein mykje meir behageleg varme. Installeringa skal etter planen skje i 2022, etter godkjenning frå biskop og Riksantikvar.



## Orgelet i Holmedal skal restaurerast



Kyrkjeorgelet i Holmedal er bygga av Claus Jensen i 1882 til Sandviken kyrkje i Bergen. Det vart flytta til Holmedal kyrkje i 1919. Orgelet vert rekna som svært bevaringsverdig, og er i original stand – og det seier seg sjølv at nesten 140 år etter bygginga – er tida moden for ein omfattande restaurasjon.

Denne sommaren har ein hatt tilbodskonkurranse på restaureringsarbeidet, der tre orgelbyggjarar har besiktiga orgelet og vurdert restaureringsjobben.

Soknerådet har valt tilbodet frå DJ Buder orgelverkstad i Bergen, og tek etter planen til våren 2023. Kostnaden på prosjektet er på oppunder 700.000,-, og dette vert finansiert med innkomne gåvemidlar.

Før arbeidet tek til skal biskopen og Riksantikvaren godkjenne restaureringsplanen. Asbjørn Flåm er soknet sin orgelfaglege konsulent i prosjektet.



## VIGDE 2021

### BULANDET

3. juli Caroline Saxegaard Ekeli og Marlene Konstanse Tysse Sætevik

### VILNES

24. juli Ane Stafsnes og Andreas Olset



# Kyrkjelege handlingar



## DØYPTE 2021

### ASKVOLL

17. mai	Alma Gjervik Undertun
27. juni	Mailo Kaland Døskeland
8. august	Mads Siljander Vie
22. august	Sander Hellestet Solheim
26. september	Isabel Øyan Dalsøren

### HOLMEDAL

20. juni	Brage Vasseth Antonsen
25. juli	Tilla Sofia Hansen Dalsøren
19. september	Olai Gjervik Søreide
	Mari Yndestad Klausen
	Nathalie Bråten-Rivedal

### BULANDET

18. juli	Iris Landøy Isene
	Setara Norheim Hellevang
	Jacob Fedøy

### KVAMMEN

13. juni	Olav Aalen
4. juli	Oskar Aven Høstaker

### VILNES

7. mars	Maiken Grane Stølen
4. april	Albert Lervåg Nordheim
15. august	Hermine Høyvik Myklebust
19. september	Viljar Mjåseth Hårklaau



## GRAVLAGDE 2021

### ASKVOLL

8. januar	Randi Kaland	f. 1937
12. februar	Stein Ueno Jonsson	f. 1973
24. februar	Arne Martin Hansen	f. 1930
23. mars	Ottar Loftheim	f. 1937
25. mars	Lilly Stendal Hansen	f. 1935
26. mai	Oddny Dorthea Spord	f. 1938
13. august	Alma Follevåg	f. 1918
8. september	Dagny Oleanne Dørhellan	f. 1931
1. oktober	Steinar Spord	f. 1937

### HOLMEDAL

16. mars	Oddny Vårdal	f. 1930
24. juni	Kjell Georg Krogenes	f. 1934
25. juni	Birgit Audny Iversen	f. 1937
15. september	Erling Martin Herland	f. 1948
17. september	Bente Skarstein	f. 1952
21. september	Andreas Rasmus Engebø	f. 1934
28. september	Norbjørg Vårdal	f. 1937

### BULANDET

15. januar	Jorunn Nikøy	f. 1928
27. juli	Håvard Halsøy	f. 1933

### VILNES

12. mars	Asbjørn Ketil Lutentun	f. 1934
15. april	Rigmor Marie Norstrand	f. 1937
27. august	Vemund Ingvald Lervåg	f. 1940
14. september	Kåre Bernhard Kjørvik	f. 1936

### GJELSVIK

16. februar	Klara Osland	f. 1932
5. mars	Else Anny Grytten	f. 1950
30. april	Svein Erik Karlsen	f. 1945

### STONGFJORDEN

9. februar	Ole Johannes Nydal	f. 1930
20. august	Even Wiik	f. 1962

### VÅGANE

11. februar	Amy Agda Sund	f. 1925
16. juli	Albert Karlsen	f. 1946

Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll  
Grafisk Produksjon: E Natvik Prenteverk AS



Foto: Bo Mathisen

**Dåp – ein god start på livet**

Vi får ikke lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikke sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!  
Send epost til sekretær@askvoll.kyrkja.no, eller ring mobilnr. 918 74 724

**DEN NORSKE KYRKJA**  
Askvoll sokn


## DEN NORSKE KYRKJA Askvoll



### KYRKJEVERJE

Rune Ziener

[kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no)  
 479 63 319



### KYRKJESEKRETÆR

Hildegunn Helleset


[sekretær@askvoll.kyrkja.no](mailto:sekretær@askvoll.kyrkja.no)  
 918 74 724



### SOKNEPREST

Kjell Olav Høstaker Nordheim

[sokneprest@askvoll.kyrkja.no](mailto:sokneprest@askvoll.kyrkja.no)  
 482 43 056



### KYRKJELYDSPEDAGOG

Guri Høstaker Nordheim

[pedagog@askvoll.kyrkja.no](mailto:pedagog@askvoll.kyrkja.no)  
 481 06 298

## ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll  
Askvollvegen 431, 6980 Askvoll  
Telefon: 918 74 724 • E-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)  
Heimeside: [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)  
Facebook: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](https://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll)



Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til  
**692979**  
Rettleilande kr 200,-

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige  
liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKEN'S SOS**